



Tris Holding AS v/Ragnar Risholm
Gerdhard Gransveg 36
5094 BERGEN

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1080 - 16/8096

Saksbehandlar:

Laila Bjørge

laila.bjorge@meland.kommune.no

25.04.2016

Handtering av hestegjødsel på GBNR 51/19

Kommunen har motteke melding om at handtering av hestegjødsel frå stallanlegg å dykkar eigedom på Landsvik kan vera i strid med med gjeldande lovar og forskrifter for lagring og bruk. Me har fått opplyst at gjødsla vert deponert i nærleiken av Kårbøtjørna.

I dispensasjon gitt av Utval for drift og utvikling sak 10/2009, er det lagt til grunn at hestegjødsel skulle lagrast i container og leverast til godkjent mottak.

Kommunen ynskjer å få ei rediggjering av korleis gjødselhandtering på eigedomen foregår;

- Kor store mengde vert produsert årlege
- Kvar og korleis den vert mellomagra
- Kva mottak den vert levert til

De finn meir informasjon om reglar for hestegjødsel ved å følgja denne linken.

<https://www.fylkesmannen.no/Hordaland/Landbruk-og-mat/Husdyr/Veit-du-nok-om-lagring-og-bruk-av-hestegjodsel/>

Kvart hestesenter, rideklubb og private oppstaller har sjølv ansvaret for å finne løysingar som ikkje inneber forureining eller ulovleg deponering av gjødsel frå stallplassane. På førespurnad frå kommunen eller Fylkesmannen, må ein kunne vise dokumentasjon på bruk eller levering til godkjent anlegg. Vert gjødsla levert til ein bonde må han òg kunne vise til ein slik avtale og dokumentere bruken i gjødselplanen sin.

Kommunane følgjer opp krava til lagring og bruk av hestegjødsel, og det er aktuelt å synfare eigedomen som eit ledd i dette . Kommunen kan påleggje tiltak, dersom tilhøva i dag ikkje er i tråd med regelverket.

Me ber om tilbakemelding innan 10. mai 2016

Med helsing

Laila Bjørge
landbrukssjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

Mottakere:

Tris Holding AS v/Ragnar Risholm

Gerdhard
Gransveg 36

5094

BERGEN